

Protokoll frå årsmøtet for 2024, Bø orienteringslag

Årsmøte for året 2024 blei avholdt på USN Campus Bø 12. februar 2025 kl. 18.00 – 20.00

Sak 1 Godkjenning av dei med stemmerett

Følgjande 14 personar deltok på årsmøtet: Gunn Botnen, Jarle Botnen, Inger Lise Solberg, Olav Solberg, Margit Ryen Steen, Bjørn Steen, Ingunn Fjørtoft, Synnøve Dalva, Tore Håndstad, Per Christian Hagen, Elisabeth Bratland Solberg, Steinar Lande, Leif Halvor Sunde og Dag Steinar Ragvin
Vedtak: Alle hadde stemmerett.

Sak 2 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak: Årsmøtet godkjende innkallinga og følgjande saksliste:

Saksliste

1. Godkjenning av dei med stemmerett.
2. Godkjenning av innkalling og saksliste.
3. Val av ordstyrar, referent, og to medlemmar til å underteikne protokollen.
4. Årsmelding.
5. Rekneskap
6. Medlemskontingent for 2025.
7. Støtte til startkontingentar for deltaking i o-løp.
8. Betaling frå passasjerar til sjåførar for køyring til o-løp. Anbefalingar.
9. Budsjett for 2025.
10. Innkomne forslag.
11. Val.
12. Eventuelt.

Sak 3 Val av ordstyrar, referent og to medlemmar til å underteikne protokollen

Vedtak: Dag Steinar Ragvin er ordstyrer og referent.
Underskrive protokollen: Synnøve Dalva og Bjørn Steen.

Sak 4 Årsmelding

Ordstyrar la fram årsmeldinga for godkjenning.
Vedtak: Årsmøtet godkjenner årsmeldinga.

Sak 5 Rekneskap

Styret ved kasserar la fram rekneskapen for 2024 for godkjenning av årsmøtet med revisors kommentarar.
Vedtak: Årsmøtet godkjende rekneskapen med kommentarar frå revisor.

Sak 6 Medlemskontingent for 2025

Vedtak: Styret vedtok å behalde same satsane som har vore gjeldande dei siste åra:

Familie (inkludert skuleungdom t.o.m. 20 år) kr 350,-
Vaksne enkeltmedlem (over 17 år) kr 200,-
Barn (under 17 år) kr 100,-
Støttemedlem kr 50,-

Sak 7 Støtte til startkontingentar for deltaking i o-løp

Styret vedtok å auke stønadsbeløpet pr. vaksen frå kr 1500,- til kr 2500,-. Dermed gjeld følgjande:

Bø o-lag dekkjer startkontingentar i o-løp 100% for dei under 21 år og 100% opp til kr 2500,- i året for medlemmar frå 21 år og oppover. Bø o-lag dekkjer all startkontingent for NM, noregscup, hovedløp og stafettar.

Sak 8 Betaling frå passasjerar til sjåførar for køyring til o-løp. Anbefalingar

Årsmøtet tilrår at ein reknar kr 25,- pr. mil og at dette delast på alle personane i bilen.

Sak 9 Budsjett for 2025

Styret ved kasserar la fram forslag til budsjett.

Vedtak: Årsmøtet godkjenner budsjettet for 2025.

Sak 10 Innkomne forslag

Ingen forslag.

Sak 11 Val

Valnemnda foreslo følgjande styre for 2025:

Leiar: Dag Steinar Ragvin (vald for 1 år)

Nestleiar og sekretær: Elisabeth Bratland Solberg (ikkje på val. 1 år igjen)

Kasserar: Leif Halvor Sunde (ikkje på val. 1 år igjen)

Øvrige styremedlemmer:

Per Sveinung Norendal (vald for 2 år)

Gyrid Kvaale (vald for 2 år)

Vara: Dag-Øyvind Olsen Djuvik (vald for 2 år)

Vara: Øyvind Støren (ikkje på val. 1 år igjen)

Revisor: Trude Harstad

Valnemnd: Jon Solberg

Vedtak: Årsmøtet godkjenner valnemndas forslag.


Ingunn Fjørtoft gjekk ut av styret og fekk blommar.

Sak 12 Eventuelt

Bankkontoen til o-laget i Sparebanken DIN disponerast av Steinar Lande i tillegg til kasserar Leif Halvor Sunde. Sidan alle utbetalingstransaksjonar skal godkjennast av to personar kontaktar leiar banken så snart som råd og ber om at naudsynt funksjonalitet klargjerast for at Steinar Lande skal godkjenne betalingar utført av kasserar.

Bø i Telemark, 12.februar 2025


Synnøve Dalva


Bjørn Steen